

STAD KOMMUNE
Rådhusvegen 11
6770 NORDFJORDEID

Dykkar ref.:	Vår ref.:	Dato:
	Sak/dok.: 20/00837-1	22.01.2020
	Ark.: 326.12	

Oppstart av klagesak 2020/2-5 - Litleåsen mfl. i Stad kommune

Statens kartverk gjorde 14.10.2019 vedtak om skrivemåtene *Litleåsen, Furehaugane, Kviehaugane, Kviehaugen* og *Rognhaugen* i Eid kommune. Vedtaket vart påklaga i brev frå Harpefossen hyttegrend AS ved Arild Hjelmeland datert 19.11.2019 på skrivemåten av stadnamna *Furehaugane, Kviehaugane* og *Rognhaugen* og av Eid kommune i brev av 25.11.2019 på skrivemåten av stadnamna *Litleåsen, Furehaugane, Kviehaugane, Kviehaugen* og *Rognhaugen*.

Når det vert reist klagesak, skal saka gjennomførast på same måten som den fyrste runden i saka, jf. § 12 femte ledd i lov om stadnamn.

Kartverket sender med dette saka på lokal høyring i kommunen, jf. § 8 i lov om stadnamn.

Saka gjeld fylgjande namn:

- *Litleåsen / Lisjeåsen* (ås)
- *Furehaugane / Furehogane / Furehogen* (haug)
- *Kviehaugane / Kviehogane / Kviehogen* (haug)
- *Kviehaugen / Kviehogen* (bruk 20/16)
- *Rognhaugen / Rognhogen / Rognehogen* (haug)

For fleire opplysningar om namnet/namna, sjå innsynsløysinga vår for SSR: <http://norgeskart.no/ssr/>. For meir informasjon om bruksnamn, sjå <https://seeiendom.kartverket.no> (søk på: gnr/bnr, namnet på kommunen).

Lokal høyring

Kartverket har vedtaksrett for skrivemåten av nedervde gards- og bruksnamn, seternamn, naturnamn og statlege anlegg. Før det vert gjort vedtak, har kommunen rett til å uttala seg. Eigjarar og festarar har rett til å uttala seg om gardsnamn og bruksnamn, og lokale organisasjonar har rett til å uttala seg om skrivemåten av namn som dei har serleg tilknytning til. **Saker som gjeld bruksnamn skal eigarane få tilsende direkte frå kommunen.** Det går fram av lista ovanfor kva for nokre bruk dette gjeld.

Etter lova skal skrivemåten fastsetjast med utgangspunkt i den nedervde, lokale uttalen av namnet. Difor bed me om at alle som uttalar seg, opplyser kva som er den lokale dialektuttalen.

Dersom namnet vert uttalt på ulike måtar, bed me om å få opplyst dei forskjellige uttaleformene.

Bruksnamn

Etter lov om stadnamn har grunneigaren rett til å fastsetja skrivemåten av namnet på eige bruk dersom han kan dokumentera at skrivemåten har vore i offentleg bruk som bruksnamn (på offentleg kart, på skilt, i matrikkelen, skøyte e.l.), jf. § 5 tredje ledd i lov om stadnamn. Det er Kartverket som formelt vedtek skrivemåten. Men dersom grunneigaren ynskjer ein annan skrivemåte enn den Kartverket vedtek, kan han senda krav om det til Kartverket og leggja ved gyldig dokumentasjon.

Normeringsprinsipp og saksgang

Etter § 4 i stadnamnlova er hovudregelen å ta utgangspunkt i den nedervde, lokale uttalen og fylgja gjeldande rettskrivingsprinsipp ved normering av stadnamn. Skrivemåten skal vera praktisk og ikkje skyggja for meiningsinnhaldet i namnet. I *utfyllande reglar om skrivemåten av norske stadnamn* er det meir detaljerte føresegner om korleis stadnamn skal normerast.

Skrivemåten i primærfunksjonen vil normalt vera rettleiande for skrivemåten av det same namnet i andre funksjonar, t.d. for adressenamn som er like eller avleidde av namnet, jf. § 4 tredje ledd. Kommunen må difor setja på vent ev. pågåande saker som gjeld adressenamn og adressetilleggsnamn, der dei same namna inngår, til det er gjort vedtak på skrivemåten av primærnamna. Kommunen må ta omsyn til den vedtekne skrivemåten av primærnamnet når han skal gjera vedtak.

Kommunen har ansvaret for å kunngjera at namnesaka er reist, t.d. med notis i ei lokalavis og på nettsidene sine. Kommunen har òg ansvaret for å henta inn og samordna dei lokale høyringssvara. Dei skal sendast til *Stadnamntenesta i Språkrådet, Postboks 1573 Vika, 0118 Oslo (post@sprakradet.no)*, med kopi til Kartverket. Stadnamntenesta vil so gje endeleg tilråding til Kartverket. Ordinær høyringsfrist for kommunen er to månader frå kommunen får dette brevet.

Dersom klagaren ikkje får medhald i klagesaka, sender Kartverket saka vidare til Klagenemnda for stadnamnsaker for endeleg avgjerd. Høyringssvar som er komne inn tidlegare, vil fylgja saka vidare. Desse treng ein difor ikkje senda inn på nytt.

Venleg helsing

Linn Winnæss-Karlsen
sakshandsamar stadnamn

Dokumentet vert sendt utan underskrift. Det er godkjent i samsvar med interne rutinar.

Kopi SPRÅKRÅDET